



Otto Benjaminson toppar for KrF i Kvinnherad

Kristeleg Folkeparti i Kvinnherad hadde kombinert årsmøte og nominasjonsmøte i Kvinnherad Vekstbedrift ikveld og nominerte veteranen Otto Benjaminson (64) frå Halsnøy Kloster på topp.. Han har tidlegare vore varaordførar i ein periode. Heller ikkje dette partiet har ført opp nokon kandiat frå Uskedalen på lista. Det har heller ikkje Arbeidarpartiet gjort. KrF har no 3 i kommunestyret,, Andreplassen gjekk til Oddbjørg Heimark frå Rosendal og tredjeplassen til Asle Teigen frå Sandvoll.



Jarle Jakobsen held tale på årsmøtet. til venstre sit leiar Hildegunn Eiane Aarhun

Kommunepartiet har uendra leiing etter årsmøtet, med Hildegunn Eiane Aarhun som leiar.

Medlemstalet er no 102 etter verving av 11 nye, noko som gjorde at laget kom på topp-10-lista på landsbasis for største prosentvise auke i forhold til medlemstal. Fylkeslaget i Hordaland verva 175 nye.

I årsrapporten frå kommunestyregruppa vart det konstatert at partiet framleis ikkje er med i nokon koalisjon, Gruppa står ved saker som er ein konsekvens av budsjettet som partiet røysta for. Utover det vil partiet vera konstruktivt og sjølvstendig for å finne løysingar som ligg nærast dei måla som tener kommunen på lang sikt.

I ei uttale om sundagsopne butikkar karakteriserar partiet utspelet i denne saka som eit tilbakeslag for samfunnet. Moderpartiet vert beden om å leggja stor vekt på ho i samarbeidet med regjeringa, Men saka er ikkje så viktig at samarbeidet bør setjast på prøve. Venstre har kome med framlegg om at kommunane sjølve skal avgjere dette. Vert det løysinga, vil kommunepartiet røysta imot at ordninga vert gjort gjeldande i Kvinnherad.

Jarle Jakobsen, kommunepolitikar frå Sveio, held årsmøtetalen og ga uttrykk for stor optimisme på partiets

vegne. Han tvilte på om det nokon gong før har hatt så stor bestemmande myndigheit som i dag og var særleg raus med rosen til partileiaren som han meinte er den beste KrF har hatt. Jakobsen spådde framgang ved valet.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen